



MØTE I PROSJEKTGRUPPA FOR NORDFJORD VASSOMRÅDE

REFERAT

Torsdag 15.02.2018 kl 9.15 – 13.30

Stad: Eid vidaregåande skule, Nordfjordeid

Frammøtte:

Magnhild Myklebust	Bremanger kommune
Stanislawa Voldsund	Eid kommune
Odd Robert Solvåg	Vågsøy kommune
Odd Rønningen	Stryn kommun
Kristian Nave	Selje kommune
Per Ove Fosshem	Gloppen kommune
Staffan Hjohlman	prosjektleder

Forfall:

Ståle Hatlelid	Hornindal kommune
Solfrid Trå	Jølster kommune

Sak 1-2018 Overvaking 2018

Grunnlag for planlegging av overvaking i 2018 er mellom anna vann-nett.no (regionalt tiltaksprogram) overvaksingsdata («Nordfjord 2016 – 2017», vedlagt), møte mellom prosjektleder og Fylkesmannen og rapporten «[Vassområde Nordfjord - Problemkartlegging og tiltaksanalyse for utvalde vassførekomstar](#)» (Yri m.fl. 2014). Grunnlaget er samanfatta i reknearket «Risiko m kommunalt ansvar Nordfjord» (vedlagt). Prosjektleder tar kontakt med den enkelte kommune for å fastsette program for vassprøvetaking og eventuell biologisk undersøking.

Sak 2-2018 Veit kommunane nok til å kunne velje konkrete tiltak i vassdrag og sjø?

- Nokon bør komme og orientere om utfordringane for politikarane. Generelt om vassdirektivet/vassforskrifta. Tilstand i vassførekomstar i kommunen. Vente til tilstand er oppdatert? Mest interessant for politikarane å høyre om tiltak og kostnader.
- Spesiell utfordring med Bryggja som skiftar kommune. Skal Vågsøy kommune føreslå tiltak på Bryggja som Stad kommune skal gjennomføre?
- Samarbeid om tilsyn med spreidde avløp, interkommunalt. Spør Søre Sunnmøre om kor langt dei har kome. Førebu sak til Nordfjord vassområdeutval for vidaresending til Rådmannsgruppa.
- Det kom forslag om å bruke av fondsmidlar til å leige konsulent til å utgreie interkommunalt samarbeid om spreidde avløp. Eventuelt lønne nokon i fylkeskommunen. Lage saksframlegg til kommunane og orientere i kommunestyra.



- e. Tilknytning til kommunalt anlegg. Gloppen kommune jobbar jamt og trutt. 2-3 nye pumpestasjonar per år. Ofte i samband med utbetringar av vassforsyning og kommunal overtaking av privat vassforsyning. Nyleg gjennomført langs Refjøra, Breim. Øvre Rygg står på tur. Eid kommune har nyleg bygd ut kommunalt avløp i samband med anlegg av gangveg.
- f. Utbetring av f eks manglande dykk må skje under slamtømming. Må koordinere med lokal røyrleggar og Norva. Norva har tidlegare snakka om at dei kan tilby teneste med enkel utbetring. Er det tenleg at NoMil fakturerer huseigar? Treng NoMil politisk vedtak frå kommunane til dette?
- g. Gloppen har utkast til nye vedtekter for slamavskiljarar. Viktig å vurdere å ta inn ordning med enkle utbetringar ved slamtømming.
- h. Kan kommunen få innsyn i Norva sine data om dei private anlegga? Får kommunen mangelrapportane frå Norva? Brev til huseigar peikar på mangelen. Eid kommune kunne tidlegare få opplysningar frå Norva om utsleppsstad, men opplysningane er ikkje lenger tilgjengeleg for kommunen. Sikre å få data frå Norva i format som eignar seg for vidare handsaming. Alle NoMil-kommunane hadde avtale om API.
- i. Myklebust tok på seg å snakke med NoMil og Norva. Presentere problemstillinga med å få i stand god ordning med dataflyt til kommunane og eventuell feilretting under slamtømming. Prøve å få til møte mellom kommunane, NoMil og Norva. Fylkeskommunen kan organisere og kalle inn til slikt møte.

Sak 3-2018 Kommunale planar og vassforskrifta

Solvåg orienterte om Hovudplan for avløp og vannmiljø 2019 – 2029 Vågsøy kommune.

- Hovudplan for vatn og avløp er gamal (80-åra)
- Kommunen kontakta Tobias Dale i DISFVA (driftsassistanse for kommunar i Sogn og Fjordane om vatn og avløp) som hjelte med anskaffing av konsulent. Norconsult var einaste tilbydar av 4 inviterte.
- Kostnad for heile planen ca 400 000 - 500 000.
- Planen skal vere ferdig november 2018.
- Vågsøy kommune tilset ny VA-ingeniør som blir mykje involvert i planarbeidet.
- Koplar inn vannmiljø.
- Det blir mykje jobb med pumpestasjonar, separering av overvatn. Både private og kommunale avløp. Har tenkt å få hjelp frå Norconsult med heile prosessen.
- Kommunen har frå før plan for vatn, som er ganske god. Vurderer å reviderer innanfor 100 000 (direkteanskaffing).

Nordfjord vassområde



Sak 4-2018 Kjøp av konsulenttenester om fysiske inngrep i elvar

Forbyggingar og kanalisering (elveutretting) – biotopforbetrande tiltak.

Fleire elvar er registrert i vann-nett med påverknad frå flaumforbygging og utretting. Dette har ofte effekt på økologi (mindre variasjon i habitat, vasshastighet, skjul, gyteområde, fødetilgang m.m.). Sjøauren er på sterk tilbakegang og dette kan vere ein av årsakene. Korleis betre økologi og fiskebestand i forbygde og kanaliserte elvar?

Sunnfjord vassområde kjøpte i 2017 konsulentoppdrag med kartlegging av forbyggingar i Jølstra og Angedalselva inklusiv tiltaksforslag (Hellen & Kambestad 2017). Skal vi tinge liknande kartlegging i Nordfjord vassområde?

Eit førebels utval av elvar for ei slik kartlegging vart presentert, basert i hovudsak på påverknadsgrad av «Flaumverk og forbygging» og «Fysisk endring av elveløp» og fordeling mellom kommunar. Det må vurderast å prioritere elvar der problemkartlegging av desse påverknadene er lagt inn i vann-nett / regionalt tiltaksprogram. Det vart i møtet reist framlegg om å ta med Rimstadelva i Vågsøy kommune.

Det var ikkje merknader til å legge inn 500 000 kr til dette konsulentoppdraget i budsjettet for 2018.

Vegkulvertar under kommunale vegar

Også vegkulvertar som utgjer vandringshinder for fisk vil ha stor innverknad på bestanden av sjøaure, laks og andre fiskearter.

Det var ikkje merknader til å legge inn 300 000 kr til konsulentoppdrag i budsjettet for 2018 med å kartlegge kommunale vegkulvertar med omsyn til fiskevandringshinder.

Det vart uttrykt ønske om å kombinere dette med vurdering av flaumfare. Kommunane kan søke NVE om tilskot.

Ei anna problemstilling som vedkjem sjøaure er avstenging av sund med vegfylling. Holme i Gloppen kommune er eit døme. Det bør undersøkast om det er tilskot å søke på for miljøforbetrande tiltak.

Sak 5-2018 Temagrupper om avløp og landbruk

Grupesamansetning og framlegg til saker. Saka vart utsett.

Sak 6-2018 Førebuing av møte i Nordfjord vassområdeutval

- Årsmelding 2017 med økonomi (vedlagt). Merknader til prosjektleiar innan 02. mars.
- Utkast til aktivitetsplan 2018 vil bli sendt til prosjektgruppa, som då får høve til å kome med merknader, før endeleg framlegg blir laga til behandla av vassområdeutvalet.
- Interkommunalt samarbeid om spreidde avløp (jamfør sak 2-2018 c-d, over, og Nordfjord vassområdeutval 16.11.2017 sak 3-2017).

Staffan Hjøhlman
ref.

Møte i prosjektgruppa for Nordfjord vassområde 15.02.2018 - Referat

Side 3 (av 3)